

---

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Styret for Helse Møre og Romsdal HF  
**Møtedato:** 11.12.2019  
**Tidsramme:** kl 10:00-15:00  
**Sted:** Ålesund sjukehus, administrasjonsbygget, møterom Storhornet  
**Saksnr.:** 74/19 - 83/19  
**Arkivsak:** 2019/135

---

**Møteleiar:**  
Ingve Theodorsen

**Møtande medlemmer:**  
Lodve Solholm  
Toril Forbord (frå kl 12:00)  
Gerd Marit Langøy  
Bjarne Storset  
Anette Lekve  
Sigurd Torvik Heian  
Hilde Furnes Johannessen

**Frå brukarutvalet møte:**  
Ingrid Løset  
Ann Helene Skare

**Forfall:**  
Ingen

**Frå administrasjonen møte:**  
Administrerande direktør Øyvind Bakke  
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til styremøte og takka for ei strålande omvising ved stråleterapi-seksjonen ved Ålesund sjukehus. Seksjonen har jobba aktivt med LEAN-arbeid der ein har korta ned behandlingstida til 10 minutt for pasienten og inga ventetid for å komme inn til stråleterapi. Styreleiar ønska velkommen til ny administrerande direktør Øyvind Bakke til hans første styremøte.

**Sak 74/19 Godkjenning av innkalling og sakliste****Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

**Sak 75/19 Orienteringssaker**

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Administrerande direktør si orientering
- SNR – status DMS Kr.sund
- Statusrapport driftssituasjon fødeavdelingar HMR (Mo/Kr)

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringane til vitende.

**Sak 76/19 Referatsaker**

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll HMN RHF 24.10.2019
- Protokoll HMN RHF 28.11.2019
- Protokoll frå AMU-møte 11.11.2019
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 08.11.2019
- Protokoll frå AMU-møte 09.12.2019
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 09.12.2019
- Protokoll Overordna samhandlingsutval 27.11.2019
- Brev frå konst. adm.dir Kvernmo til varaordførar i Kr.sund 25.10.2019

**Sak 77/19 Statusrapport oktober 2019 - kvalitet, økonomi og aktivitet**

Det kom forslag frå styreleiar om eit ekstra vedtakspunkt til saka:

Styret i Helse Møre og Romsdal ser med uro på omfanget av arbeidstidsavvik og ber adm. direktør intensivere arbeidet med tiltak for å redusere disse. Styret ønskjer ei tertialvis rapportering av utvikling av arbeidstidsavvik.

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapporten oktober 2019 og førebels status november 2019 til orientering.

Styret i Helse Møre og Romsdal ser med uro på omfanget av brot på arbeidstidsbestemmingane i AML og ber adm. direktør intensivere arbeidet med tiltak for å redusere disse. Styret ønskjer ei tertialvis rapportering av utvikling av arbeidstidsavvik.

**Sak 78/19            Forbetringsprogram HMR – del 3****Vedtak:**

1. Styret i Helse Møre og Romsdal sluttar seg til den beskrivne prosessen for val av årlege innsatsområde i forbetringsprogrammet i Helse Møre og Romsdal.
2. Styret ønsker å ta aktivt del i denne prosessen og ber om at AD legg til rette for slik medverknad.

**Sak 79/19            Budsjett 2020**

Administrerande direktør kom med forslag til justerte og nye vedtakspunkt i sin presentasjon av Budsjett 2020:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek eit resultatkrav for 30 mill. kroner for 2020.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til dei føresetnadene som er skissert i styresaka for å bringe helseføretaket i økonomisk balanse.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal er uroa for alderen på MTU og etterslep på vedlikehald i føretaket. Styret ser det som naudsynt å oppretthalde nivået på investeringar i budsjett 2020 so lenge føretaket er innanfor tilgjengeleg likviditetsramme ved årets slutt. Finansiell leasing av MTU kan også vurderast.
4. Styret peikar på at forankring og oppfølging av forpliktande tiltak er avgjerande for å sikre økonomisk balanse i 2020, og ber om at adm. direktør rapporterer til styret på gjennomføring av skisserte tiltak.
5. Styret ber om at adm. direktør har spesielt fokus på å redusere skisserte risiko i framlagt budsjett.

Forslag frå styremedlem Gerd Marit Langøy om tilføyning i punkt en: «og at posten for uføresette utgifter aukast med 30 mill. kr.»

**Styret sluttar seg til dei føreslåtte endringane og følgjande vedtak blei samrøystes vedteken:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek eit resultatkrav for 30 mill. kroner for 2020, og at posten for uforutsette utgifter aukast med 30 mill kr.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til dei føresetnadene som er skissert i styresaka for å bringe helseføretaket i økonomisk balanse.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal er uroa for alderen på MTU og etterslep på vedlikehald i føretaket. Styret ser det som naudsynt å oppretthalde nivået på investeringar i budsjett 2020 so lenge føretaket er innanfor tilgjengeleg likviditetsramme ved årets slutt. Finansiell leasing av MTU kan også vurderast.
4. Styret peikar på at forankring og oppfølging av forpliktande tiltak er avgjerande for å sikre økonomisk balanse i 2020, og ber om at adm. direktør rapporterer til styret på gjennomføring av skisserte tiltak.
5. Styret ber om at adm. direktør har spesielt fokus på å redusere skisserte risiko i framlagt budsjett.

**Stemmeforklaring budsjett 2020:**

Ansattes representanter Hilde Johannessen, Anette Lekve og Sigurd Heian stemmer for det foreslåtte budsjett, men ser med stor bekymring på de utfordringer og risiko som enkelte av budsjett tiltaka innebærer. Vi er særlig bekymret for om reduksjon i antall senger vil gi forventet økonomisk gevinst og hvilke utilsiktede negative virkninger tiltaket kan få, jmf drøftingsprotokoll fra tillitsvalgte. Vi ber adm. direktør være spesielt oppmerksom i oppfølgingen og gjennomføring av tiltaket.

**Sak 80/19 LIS-utdanninga**

Styret fekk ei orientering om den nye nasjonale reforma knytt utdanning av legespesialistar i spesialisthelsetenesta.

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om LIS-utdanninga til vitende.

**Sak 81/19 Styrets egnevaluering**

Styreleiar orienterte om styrets gjennomføring av sin egnevaluering 13. november 2019 og lesar opp dei forbettringspunkta som er bestemd i fellesskap i styret.

**Forbetringstiltak:**

1. Styret ønskjer ein oppfølgingsprotokoll på styrebehandla vedtak og at denne gjennomgåast kvart halvår.
2. Styret ønskjer eit årsprogram for kva saker som skal styrebehandlast til kva tid.
3. Styret ønskjer at drøftingsprotokoll frå føretakstillitsvalte er tilgjengeleg saman med styresaka.
4. Styreleiar forbettringspunkt er at han under styrebehandling tydelegare skal skilje mellom oppklarande spørsmål, meiningsutveksling og konkluderande vedtak.

**Bevaringstiltak:**

1. Miljøet i styret opplevast som veldig bra. Styret opplever seg bekvemme og trygge i styremøta. Tonen er god og ledig, samstundes som det er formelt nok når situasjonen krev det.
2. Styret ønskjer at styremøta fortsatt er ambulerande.

**Sak 82/19 Styrets plan knytta til oppfølging av kvalitet og pasientsikkerheit****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal (HMR) HF har vedtatt fire forbettringspunkt og to bevaringspunkt som resultat av styreevalueringa i år. Dei tiltak som avgjerast for vidare arbeid med oppfølging av kvalitet og pasientsikkerheit i HMR HF, sjåast i samanheng med desse.

Med utgangspunkt i figuren i vedlegget til saka, foreslåast følgjande oppfølgningstiltak:

1. Ved utarbeiding av årsprogram 2020 skal utvalte kvalitetsindikatorar følgjast opp for å vurdere føretaket sin overordna risiko.
2. Systematisk oppfølging av vedtak på forbettringsaktiviteter og etterspørje planar og resultat. Dette tiltaket settast i samanheng med forbetringstiltak 1 i sak 81/19.
3. I bevaringstiltak 2 i sak 81/19 ønskjer styret å besøke ulike lokalisasjonar. Styret ønskjer at kvalitet og pasientsikkerheit blir tema under omvisinga på dei ulike lokalisasjonane.

**Sak 83/19      Godkjenning av protokoll 11/2019 – styremøte 11.12.2019****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 11.12.2019.

Ålesund, 11.12.2019

Ingve Theodorsen  
styreleiar

Lodve Solholm  
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen